Top. ark.
… 16/5-23.

1923:75.

C.23216

Universitetets Oldsaksamling
Jr. No. 221.
1923.

Til

Universitetet,

oldsakesamlinga.

Eg skal hermed få lov å melda, at gardbrukar Ole O. Tikkan her um dagen på ei røys fann desse jarntinga:

Eit langt sverd.

Ei lita øks

Eit jarn, laga som ei halvkule, truleg av eit skjold eller ein hjelm.

Eit krokute jarn.

Alle sakene er mykje rusta og uppkerde.

Lyngdal i Numedal 14/5-23.

Vyrdnadsfullt

Tjostalv Berget,

kyrkjesongar.

Lyngdal, Flesberg, Busk.

# Klipp i klipparkivet

Top. ark.

Universitetets Oldsaksamling
Jn. No. 254/1923.

Til

Universitetets oldsaksamling.

Idag sender vi i ei pakke dei sakerne eg skreiv om som var funne på Tekjan, gardsn. 92. br. 1 i Lyngdal sokn, Flesberg.

Finnaren Ole O. Tekjan, synest han vil ha betaling for funnet; han ynskjer at Universitetet gjer honom som dit plar gjera i slike høve.

Då han er ein slitsam mann med mange å syte for, vil eg tilja til at De gjer honom det meste De i eit slikt høve kan.

Var dit mogeleg vilde me gjerne få vita kva tid sakene skriv seg frå, kva dei har vore til o. s. br.
Sakene vart funne i lause jordi jamsides ein stor steine som enno ligg att. Noka serleg steinsetting

eller brenning på staden la han
ikkje merkje til.

Lyngdal i Numedal 30/5. 23

Vyrdsamt
Tjostolv Berget